



Smart Varme AS
Minde Allè 4
5063 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2852 - 16/26938

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.09.2016

Løyve til etablering av skorstein i fritidsbustad gbnr 58/124 Lygre indre

Administrativt vedtak. Saknr: 469/16

Tiltakshavar: Haakon Lambert Gunby
Ansvarleg søkjar: Smart Varme AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av skorstein av typen «Nordpeis Ventilert Stålpipen – SINTEF 120-0248» i fritidsbustad på eigedom gbnr. 58/124.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming 09.09.16. Fristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Buskeneset hytteområde/planid.: 1263-07021985 er definert som fritidsbustad.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla, det ligg til ansvarleg søkjar/tiltakshavar å vurdere behovet for nabovarsling jf. pbl. § 21-3. Kommunen krev ikkje nabovarsling av tiltaket.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering, vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING



Søknad gjeld montering av skorstein (teknisk installasjon) i eksisterande fritidsbustad. Det vert nytta pre godkjende løysing jf. teknisk godkjenning NBL 120-0248, godkjenning er utstedt 13.09.2012, revidert 12.04.13 og gyldig til 01.10.17.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av skorstein i fritidsbustad på eigedom gbnr. 58/124. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Faktisk plassering av skorstein skal dokumenterast seinast ved søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest, t.d. ved oppdatert planteikning.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/2852

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eivind Andre Gunby
Haakon Lambert Gunby

Glasskaret 10
Moldalia 19

5106
5267

ØVRE ERVIK
ESPELAND

Mottakarar:

Smart Varme AS

Minde Allè 4

5063

BERGEN